

Forsøpling av norsk språk

Dårlege, engelske, moterette og «kreative» namn forsøplar det norske språket. Døme kan vera «Media City Bergen».

Bergen og Hordaland Mållag meiner at namnet «Media City Bergen» bryt med norsk namneskikk, for ikkje å snakka om forkortinga MCB. Det gjer ikkje saka betre at sentrale mediebedrifter (t.d. NRK, TV 2, BT) og UiB har lokale der. Alle desse har til oppgåve å forvalta det norske språket. UiB har eit spesielt ansvar. Det heiter i Lov om universitet og høgskular, § 1-7: «Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og vidareutvikling av norsk fagspråk.» Bergen og Hordaland Mållag spør: Korleis vil UiB følgja opp?

Bergen og Hordaland Mållag vil også peika på det ansvaret Bergen kommune har for å oppretthalda norsk språk. Dette går fram av den politiske plattformen til byrådet. Bergen og Hordaland Mållag spør difor: Kva vil byrådet gjera for å sikra at bedrifter og institusjonar i Bergen har norske namn?

Bergen og Hordaland Mållag